

KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbudskonkurranse
etter forskriftens del I og II

for anskaffing av

Arkitektteneste i forbindelse med å bygge/rehabiliterer
Heildøgnsbemanna bustad med individuell oppfølging i
Skjåk kommune.

Opsjon 1 - utarbeiding av konkurransegrunnlag

Opsjon 2 – skisseprosjekt demenstun

Innhald

| | |
|---|-----------|
| GENERELL BESKRIVELSE | 4 |
| 1.1 Oppdragsgjevar | 4 |
| 1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang | 4 |
| 1.3 Kontraktstidsrom | 8 |
| 1.4 Kontraktsvilkår | 9 |
| 1.5 Deltilbod | 9 |
| 1.6 Viktige datoar | 9 |
| 1.7 Forbehold | 9 |
| 1.8 Kunngjering | 9 |
| 2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD | 10 |
| 2.1 Anskaffingsprosedyre | 10 |
| 2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår | 10 |
| 2.3 Skatteattest | 10 |
| 2.4 Offentlegheit og teieplikt | 10 |
| 2.5 Obligatorisk egendeklarasjon frå alle tilbydarar (sladda versjon av tilbodet) | 11 |
| 2.6 Vedståelsesfrist | 11 |
| 2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget | 11 |
| 2.8 Tilleggsopplysningar | 11 |
| 3 KVALIFIKASJONSKRAV | 12 |
| 3.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv. | 12 |
| 3.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet | 12 |
| 3.3 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar | 12 |
| 4 TILDELINGSKRITERIER | 14 |
| 4.1 Tildelingskriteriar | 14 |
| 4.2 Evalueringsmetode | 14 |
| 5 OPPDRAGSGJEVAR BEHANDLING AV TILBODA | 15 |
| 5.1 Registrering av tilbod | 15 |
| 5.2 Tilbodsopning | 15 |
| 5.3 Gjennomføring av forhandlingar | 15 |
| 5.4 Avvisning pga. forhold ved leverandørar | 15 |
| 5.5 Avvisning pga. forhold ved tilbodet | 16 |
| 5.6 Avgjersle av konkurranse | 16 |
| 5.7 Avlysning av konkurransen og totalforkasting | 16 |
| 5.8 Informasjon og begrunning for kontraktstildeling | 16 |
| 6 INNLEVERING AV TILBOD | 17 |
| 6.1 Tilbodet si utforming | 17 |
| 6.2 Atterhald og avvik | 18 |
| 6.3 Opplysningsplikt | 18 |
| 6.4 Alternative tilbod og minstekrav | 18 |
| 6.5 Avvik frå beskriving | 18 |
| 6.6 Vedståingsfrist | 19 |
| 6.7 Attendekalling eller endring av tilbodet | 19 |
| 6.8 Kostnader ved utarbeiding av tilbod | 19 |
| VEDLEGG | 19 |
| 7.1 Kravspesifikasjon | 20 |
| 7.2 Prisskjema | 23 |

| | |
|-------------------------------------|----|
| 7.3 Registrering av tilbydere | 24 |
| 7.4 Standard kontraktsvilkår..... | 25 |

GENERELL BESKRIVELSE

1.1 Oppdragsgjevar

Opplysningar om oppdragsgjevar og oppdragsgjevar sin kontaktperson kjem fram i oppdragsgjevar sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

- Prosjekteigar Miljø- og samfunnsutvikling v/ kommunalsjef Roger Johansen
- Helsefagleg ansvarleg er kommunalsjef helse og meistring Inger Helene Brandsar

| | |
|----------------|--|
| Postadresse: | Moavegen 30, 2690 Skjåk |
| Besøksadresse: | Moavegen 30, 2690 Skjåk |
| e-post: | grethe.sperstad@skjaak.kommune.no roger.johansen@skjaak.kommune.no fakturamottak@skjaak.kommune.no |
| Telefon: | 41513687 (Roger Johansen) 90895626 (Grethe Sperstad) |

Det skal ikkje vera kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjevar kva gjeld tilbodskonkurransen enn nevnte kontaktpersoner.

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje gjennom oppdragsgjevar sitt KGV. Dette gjeld og spørsmål og svar.

1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang

Anskaffinga skal gjennomførast etter standard anskaffing prosedyre og etter lovverk for NS 8401 alminnelige kontraktsbestemmelser for arkitekt- og rådgiveroppdrag for forprosjekt og eventuelt NS 8401 alminnelige kontraktsbestemmelser for prosjekteringsoppdrag for eventuell opsjon.

Skjåk kommune har behov for å etablere eigne heildøgnsbemanna bustader då kommunen ikkje har eit butilbod til brukargruppa i dag. Det resulterer mellom anna i kjøp av private tenester (i anna kommune) og ikkje hensiktsmessig organisering av dagens tenesteyting.

Hovuddel

Prosjektet går ut på å anskaffe arkitektteneste og prosjektere eit forprosjekt som skal sjå på ei utbygging av bustader berekna på personar med behov for heildøgnsbaserte tenester innan personleg assistanse, og praktisk bistand og opplæring.


Tal einingar som skal inngå i forprosjektet:

- **Fire leilegheiter + to avlastingsrom + Pålhuset** → totalt sju **bueiningar** fordelt på ei bufelleskap og ein eigen bustad. Sjå vedlagt merka kartutsnitt over området

- Fellesareal i tillegg (stort og ope).
- Personalbase (skild frå bebuarane sine private soner), UNISEX-garderobe for personal, eige kvilerom (plass til lenestol/seng/ tekjækken), enkelt vaktrom med pult (plass til 4-5 personar) og eit kontor til avdelingsleiar.
- Personalbasen skal og vere base for personell som yter personleg assistanse/ praktisk bistand og opplæring i private heimar.

Tilråding: Planlegg for **7 bueiningar** som romprogram (5 faste + 2 avlasting), men med fleksibel bruk av minst éin avlastingsplass (til **“salsplass”/korttidsopphald** (avhengig av avtaleverk og beleggsbehov))

Kart over aktuelt område for utbygging av bustader:



Oppdragsgjevar tek forbehold om at det kan bli gjort mindre endringar på aktuelt område.

Fagleg omtale av målgruppe og behov

Bustadane er planlagde for vaksne personar med samansette og varige hjelpebehov knytt til psykisk helse og livssituasjon. Målgruppa har behov for trygge, forutsigbare rammer og individuelt tilpassa oppfølging gjennom heile døgnet.

Bustad og fellesareal skal støtte meistring i kvardagen, redusere stress og leggje til rette for sosial deltaking i eige tempo. Det er viktig med løysingar som gir oversikt, skjerming ved behov og moglegheit for grad av tilbaketrekking. Brukarane kan ha varierende funksjonsnivå over tid, og bustaden må vere fleksibel og robust for å handtere dette.

Tenestene vil vere døgnbemanna, og bygningsmessige løysingar må støtte effektiv, trygg og diskre oppfølging. Ute- og inneareal skal bidra til trivsel, tryggleik og

føreseieleg struktur i kvardagen. Universell utforming og gode lyd- og lysforhold er sentrale kvalitetar. Samla sett skal bustadane leggje til rette for livskvalitet, stabilitet og utvikling av eigen meistring.

Bustadane skal sjåast på i to delar;

1. Med gjenbruk av eksisterande bustadar som tilpassast beskreve løysing.

2. Med nybygg innanfor avgrensa område.

Dette for å sjå på kva alternativ som vil vera den beste løysinga for Skjåk kommune totalt sett.

I tillegg skal det i forprosjektet sjåast på intern- og hovudadkomst for bil og gåande frå riksvegen med totalvurderingsblikk og «tiårsbriller». Dette inneber og å planlegge for adkomst/ logistikk for demenstun som er planlagt bygd i direkte tilknytning til Skjåkheimen-bygget. Dette skal vurderast i ein totalitet for heile området der det skal oppnås logiske og trafikksikre løysingar i eit lengre perspektiv.

Det skal og prisast for bistand til utarbeiding av grunnlag for søknad til Husbanken for denne type bustader.

Forprosjektet skal danne utgangspunkt for beslutning Skjåk kommune skal gjere.

Opsjon 1- utarbeiding av konkurransegrunnlag

Det skal prisast ein opsjon 1 for utarbeiding av konkurransegrunnlag. Opsjonen går på utarbeiding av konkurransegrunnlag med fyljande leveranse:

- Teikningar av bygg plan og fasader
- LCC- vurderingar med konklusjonar
- Simien -berekning (energiberekning)
- Situasjonsplanar for areal kring boliger og totalt for området.
- Tekniske løysingar
- SJA (Sikker jobbanalyse)vurdering for anbuds nivået
- Teknisk beskrivelse på totalentreprise nivå der grunnleggande spesifikasjoner skal beskrivast. Itb (Integretr tekniske bygginginstallasjoner)skal inkludert i grunnlaget.
- Miljøsaneringsbeskrivelse
- Rammesøknad byggesak
- Plan for universell utforming
- Bistand til utarbeiding av grunnlag for søknad til Husbanken for denne type bustader

Utreiing på eksisterande tomt handlar om å utreie moglegheitene ein har med gjenbruk av heile eller delar av eksisterande bygg, alternativt eit heilt nytt bygg. Dette inneber da ei tilstrekkeleg bygningsteknisk vurdering av eksisterande bygg mht. eignaheit og teknisk tilstand. Utanomhusvurdering gjeld begge to.

Livssyklus kostnader skal stå sentralt i alle vurderingane. Alle utreiingar skal gjerast med miljøfokus.

Skjåk kommune utarbeider sjølve hovedboka i konkurransegrunnlaget.

Opsjon 2 – skisseprosjekt demenstun

Oppdragsgjevar forbeholder seg retten til å utløse opsjon på gjennomføring av Skisse prosjekt for etablering av demenstun. Skisse prosjektet skal omfatte nødvendig utrednings- og prosjekteringsarbeid som grunnlag for vidare beslutning om realisering av tiltaket. Dette vil då seie eit grunnlag som si noko om omfang, kostnader, løysingar, skisser mv. Dette grunnlaget skal danne grunnlag for budsjettvurderingar og seinare utbyggingsvedtak til kommunestyret.

Arbeidet skal inkludere:

- behovs- og funksjonsbeskrivelse
- vurdering av tomt og arealdisponering
- skisseprosjekt og foreløpige løsningsforslag
- kostnadsoverslag
- fremdriftsplan
- vurdering av tekniske og driftsmessige forhold
- dialog med relevante fagmyndigheter og interessenter
- Sikre faglegheita opp mot gjeldande regelverk
- bistand til utarbeiding av grunnlag for søknad til Husbanken for denne type bustader

Avgrensa opp mot 8 bueiningar med eventuell mannskapsbase.

Fagleg beskriving av målgruppe og behov

Bustadane er planlagde som eit bufellesskap (demenstun) med 6–8 bueiningar, lokalisert i tilknytning til eksisterande omsorgsbustadar og sjukeheim. Målgruppa er personar med kognitiv svikt og demenssjukdom som har behov for tilpassa omgjevnader og individuelt tilrettelagde tenester heile døgnet.

Bustadforma er i tråd med kommunen sin strategiske satsing på små og oversiktlege einingar som skal gi eit meir heimleg, trygt og individuelt tilpassa omsorgstilbod. Bebuaranes behov krev omgjevnader som støttar orientering, gjenkjenning og meistring i kvardagen.

Personar med demenssjukdom har ofte redusert orienteringsevne, hukommelse og evne til å tolke inntrykk. Det er difor behov for trygge, oversiktlege og gjenkjennelege rammer som kan bidra til å redusere uro, stress og forvirring. Samstundes skal bustadane leggje til rette for størst mogleg grad av sjølvstende, deltaking og normalitet i kvardagen.

Eit bufellesskap i denne storleiken gir føresetnader for ei lita og stabil bebuargruppe, noko som fremjar tryggleik, tilhøyrsløse og kontinuitet i oppfølginga. Løysinga støttar kommunen sitt mål om å utvikle fleire omsorgsbustadar med heildøgns bemanning

som alternativ til institusjonsplass, og legg samstundes til rette for fleksible overgangar i tenestetilbodet.

Det er behov for fysiske løysingar som gir:

- god oversikt og korte avstandar
- tydeleg struktur og enkel orientering
- tilgang til både fellesskap og skjerma soner
- moglegheit for sansestimulering og meningsfulle aktivitetar
- trygg og enkel tilgang til uteareal

Bustadane må vidare vera fleksible og tilpassingsdyktige, då brukarane vil ha eit progredierande sjukdomsforløp med varierende funksjonsnivå over tid. Behovet for tryggleik, støtte og tett oppfølging vil kunne auke gjennom buforløpet.

Prosjektet skal understøtte personsentrert omsorg og bidra til at kvar bebuar kan oppleve verdigheit, ro, tryggleik og størst mogleg grad av eigen meistring i kvardagen.

Oppdragsgivar tek atterhald om opsjon på vidare prosjektering av prosjektet etter ferdigstilt forprosjekt. Opsjonen kan omfatte detaljprosjektering, utarbeiding av konkurransegrunnlag, bistand i anskaffingsprosess og anna nødvendig prosjekteringsarbeid fram til byggjeklar fase.

Vidare kan oppdragsgivar ta atterhald om opsjon på gjennomføring av prosjektet som totalentreprise, heilt eller delvis, dersom dette vert vurdert som føremålstenleg etter avslutta forprosjekt og politisk handsaming.

Opsjonen kan utløses helt eller delvis innen [dato/periode], og skal gjennomførast på dei vilkår og timeprisar som kjem fram av tilbudet. Oppdragsgjevar er ikkje forplikta til å nytte opsjonen.

Prosjektorganisering frå kommunen.

Hovudgruppe som tilbydar skal forhalde seg til:

- *Prosjekteigar*: Kommunalsjef for miljø- og samfunnsutvikling Roger Johansen
- Prosjektleiar etter anskaffinga / dagleg oppfylging byggherrerepresentant: Teknisk leiar Bernt Dahl / prosjektleiar Arild Skriden
- *Helsefaglege spørsmål*: Kommunalsjef for helse og meistring Inger Helene Brandsar

1.3 Kontraktstidsrom

Forprosjekt bør vera gjennomført seinast ila november 2026.

1.4 Kontraktsvilkår

Anskaffinga skal gjennomførast etter standard anskaffing prosedyre og etter lovverk for NS 8401 alminnelige kontraktsbestemmelser for arkitekt- og rådgiveroppdrag for forprosjekt og eventuelt NS 8401 alminnelige kontrakts bestemmelser for prosjekteringsoppdrag for eventuell opsjon

1.5 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gi tilbod på deler av oppdraget.

1.6 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til fylgjande tidsrame for prosessen:

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|-------------------------------------|
| Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget | 22.06.2026 kl.12.00 |
| Frist for å levere tilbod | 30.06.2026 kl.12.00 |
| Tilbodsopning | 30.06.2026 kl.13.00 |
| Evaluering | Veke 27 - 28 |
| Eventuell forhandlingar / avklaringsmøte | Veke 28 |
| Valg av leverandør og meddelelse til leverandører | Veke 28 - 29 |
| Karensperiode | 10 dager etter utsendt tilbodsbrief |
| Kontraktsinngåelse | Veke 31 |
| Tilbodet sin vedståelsesfrist | 120 dager etter kontraktsinngåelse |

Det blir gjort oppmerksom på at tidspunkta etter tilbodsfrist er foreløpige og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av tilbodet sin vedståelsesfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

Det vil bli befaring av aktuelt område for bustadane tysdag 16.06.2025 kl.12.00. Oppmøtestad for befaringa er i på parkeringsplassen ved Skjåkheimen. Påmelding til kontaktperson oppgjeve i kontaktskjema punkt 1.2 innan dagen før gjeldande befaring.

1.7 Forbehold

Oppdraget forutset at prosjektet som heilheit er innanfor gjeldande løyving.

1.8 Kunngjering

Tilbodskonkurranse blir kunngjort på portalen www.mercell.com

2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del II.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å foreta eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda.

Forhandlingar kan likevel bli gjennomført om oppdragsgjevar, etter at tilboda er motteke, vurderer det som hensiktsmessig. Utveljinga av kven det vil forhandlast med vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbud og derfor må levere sitt beste tilbud.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførde dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er motteke, vurderer at forhandlingar ikkje er hensiktsmessig. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomført ved behov.

Leverandøren skal fylgje dei tilvisingar som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheiter via oppdragsgjevar sitt KGV.

2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.3 Skatteattest

Vald leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valte leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månadar regna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransa eller tilbod.

2.4 Offentlegheit og teieplikt

For allmennheita sitt innsyn i dokument til ein offentlig anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og deira tilsette pliktar å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningsloven § 13.

2.5 Obligatorisk egendeklarasjon frå alle tilbydarar (sladda versjon av tilbodet)

Oppdragsgjevar vil heretter forhalde seg slik i forhold til opplysningar som er gjeve av leverandørar i forbindelse med tilbodet; Tilbydar skal om dei sjølv ynskjer det, levere ei elektronisk utgåve av tilbodet der opplysningar som er omfatta at teieplikt, er sladda. Er ikkje dette vedlagt vil ein måtte påregne at tilbod blir offentleggjort på postlista til Skjåk kommune.

Grunn til sladding skal begrunnast og knytast til lovverket, avvik på sladding og begrunning medfører publisering. Den elektroniske utgåva skal vera slik at tekst som er sladda, ikkje kan rekonstruerast. Det skal vidare fylgje med ein konkret, skriftleg begrunning med henvisning til kvar enkelt opplysning som blir sladda. For opplysningar som ikkje blir sladda av tilbydar legg oppdragsgjevar til grunn at tilbydar frå si side ikkje anser at opplysninga er omfatta av teieplikta. Dersom tilbydar ikkje leverer sladda versjon av tilbodet, legg oppdragsgjevar til grunn at tilbydar frå si side anser at innyn kan bli gjeve i heile tilbodet.

Der begrunning for sladding av enkeltopplysningar manglar, legg oppdragsgjevar til grunn at tilbydar frå si side ikkje anser at denne opplysninga blir omfatta av teieplikta.

Ein gjer særleg oppmerksam på at oppdragsgjevar er pålagt å gjera ei sjølvstendig vurdering av om ei opplysning oppfyller krava til teieplikt eller opplysningsplikt.

2.6 Vedståelsesfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angjeve i pkt. 1.51.6 ovanfor.

2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert sin interesse for anskaffinga i KGV.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar via konkurransegjennomføringsverktøyet Merzell Tendsign (MT). Henvendingar utanom vert i prinsippet ikkje svara ut.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, skal dette bli formidla snarast og utan opphald til oppdragsgjevar via MT snarast.

Det er moglegheit til å stille spørsmål skriftleg via portalen fram til 7 dagar før tilbudsfristen, etter denne datoen vert ikkje spørsmål besvara. Alle spørsmål med påfylgjande svar vil bli distribuert via portalen samstundes til alle registrerte tilbydare.

Der opplysningar eventuelt manglar skal tilbydar sjølv forutsette løysingar jf. aktuelt regelverk m.fl. og prise desse.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv.

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| Leverandøren skal være registrert i et foretaksregister, fagleg register eller registrert i et handelsregister i den staten leverandøren er etablert. | <ul style="list-style-type: none">Norske selskap: FirmaattestUtanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. |

3.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|--|---|
| Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittverdig utan krav til sikkerheitsstillelse vil vera tilstrekkeleg til å oppfylle kravet. | <ul style="list-style-type: none">Kredittvurdering som baserar seg på siste kjente regnskapstal. Ratinga skal være utført av kredittopplysningverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.Oppdragsgjevar tek forbehold om sjølv å innhente ytterlegare kredittrating eller anna økonomisk informasjon som, men ikkje begrensa til, årsregnskap inklusive noter, styrets årsberetningar og revisjonsberetningar. |

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å legge fram den dokumentasjon oppdragsgjevar har krevd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å legge fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar anser eigna.

3.3 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag. | Beskriving av leverandørens inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av de siste 3 årene. Omtala må inkludere angivelse av oppdragets verdi, tidspunkt og mottaker (navn, telefon og e-post.) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom beskrivinga. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han råder over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeida medan personellet har utført teneste for ein anna leverandør. |
| Leverandøren skal ha nødvendig gjennomføringsevne til å oppfylle kontrakten. | Ei kort og overordna omtale av verksemda, herunder: <ul style="list-style-type: none"> • Ei redegjørelse for verksemda si kjernekompetanse relatert til leveringsomfanget. • Ei skildring for verksemda sin kapasitet og korleis leverandøren er organisert for gjennomføring av kontrakta. |
| Leverandøren skal ha eit dokumentert og implementert tilfredsstillende kvalitetssikrings-/ledelsessystem. | Ei kort omtale av leverandøren sitt kvalitetssikrings-/ledelsessystem. Omtala må likevel vera så detaljert at oppdragsgjevar kan foreta ein sjølvstendig vurdering av om leverandøren sitt kvalitetssikrings-/ledelsessystem kan sjåast som velfungerande for denne kontrakta. |
| Leverandøren skal ha eit dokumentert og implementert miljøledelsessystem. | <p>Dersom leverandøren er sertifisert i henhold til ISO 9001, miljøfyrtårn eller andre tilsvarende kvalitetssikringssertifiseringar, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.</p> <p>Ei kort omtale av leverandøren sitt miljøleingssystem som leverandøren vil leggja til grunn for gjennomføring av kontrakten. Omtala må likevel vera så detaljert at oppdragsgjevar kan foreta ei sjølvstendig vurdering av om leverandøren sitt miljøleingssystem blir sett på som velfungerande for denne kontrakta.</p> <p>Om leverandøren er sertifisert i henhold til ISO 14001 eller tilsvarende sertifiseringar, er det tilstrekkelag å legge ved kopi av gyldig sertifikat.</p> <p>For punktet om miljø bes det og om at eventuelle samarbeidspartnere og legg ved sin dokumentasjon då heile gruppa blir vurdert samla.</p> |

4 TILDELINGSKRITERIER

4.1 Tildelingskriteriar

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris, kvalitet/ kompetanse, bufasilitetar og leveringstid, basert på fylgjande kriteria:

| Tildelingskriteria | % vekting | Dokumentasjonskrav |
|--|-----------|---|
| Pris / Kostnad <ul style="list-style-type: none">• Under dette kriteriet vurderast:<ul style="list-style-type: none">- tilbode pris- Opsjon- timeprisar | 50% | <ul style="list-style-type: none">• Ferdig utfylt prisskjema |
| Kvalitet, kompetanse og gjennomføringsplan <ul style="list-style-type: none">- CV for tilbode hovudprosjektorganisasjon- Kvalitetssystem- Relevante prosjekt- Miljøsertifiseringar mv. | 50% | <ul style="list-style-type: none">• CV for tilbode hovudprosjektorganisasjon• Omtale av kvalitetssystem• Dokumentert minimum 3 relevante prosjekt |

4.2 Evalueringsmetode

Vurdering punkt 1. Pris 50%

- Lågaste pris inkludert beløp frå delprisar får 10 poeng, deretter poengscore = $10 - 10 \times (P_b - P_e) / P_b$, der P_e er den prisen som blir evaluert og P_b er den beste (lågaste) pris.
- Modellen vil gje negative poeng om forskjellen mellom den lågaste og den høgaste prisen er meir enn 100%.

Poengscore x 0,50 gjev sluttscore som blir sett inn i reknestykket.

Vurdering punkt 2. Kvalitet/ kompetanse 50% (1-10 poeng)

Her vert det vurdert innanfor eit skjønn på punkta:

- CV for tilbode hovudprosjektorganisasjon.
- Andre relevante punkt tilbydar meina er viktige innafor kategoriane kan takast med her.
- Oppdragsgjevar kan og ta inn andre punkt som går på kvalitet og kompetanse om desse er relevante.

Samla poengsum x 0,50 og vert lagt inn i reknestykket.

Viktig at desse punkta vert dokumentert godt i tilbodet. Det vert gjort mersamd på at ein ikkje vurderar på anna enn oversendt dokumentasjon i samanheng med denne anskaffinga.

DFØ vurderer beste praksis for å ivareta klima- og miljøhensyn ved anskaffing av rådgjevande bygg- og anleggstenester er å stille krav til relevant kompetanse hjå rådgjevar.

Under miljøsertifisering er det ope kva sertifisering leverandørane har, her kan vere miljøfyrtårn, ISO 9001 og 14001. Dette er berre eit eksempel på kva system som kan vere aktuelt.

Det skal vedleggast dokumentasjon for tilbydar med samarbeidspartnere.

Det kan og dokumenterast erfaring frå særlege prosjekt med stort miljøfokus.

5 OPPDRAGSGJEVARS BEHANDLING AV TILBODA

5.1 Registrering av tilbod

Tilbodet blir automatisk registrert i portalen Mercell Tendsign.

5.2 Tilbodsopning

Tilbudsopninga vil ikkje vera offentleg.

5.3 Gjennomføring av forhandlingar

Konkurransen tillet forhandlingar med den/dei inviterte leverandørane og det kan forhandlast angåande alle sider ved dei innleverte tilboda. Dette med bakgrunn i anskaffinga sin kompleksitet på gjennomføring samt teknisk kompleksitet med ombygging.

Oppdragsgjevar pliktar å avvise leverandørar dersom forhold som følgjer av FOA § 11-10 første ledd foreligg.

5.4 Avvisning pga. forhold ved leverandørar

Oppdragsgjevar kan avvise leverandørar dersom forhold som følgjer av FOA § 11-10 andre ledd bokstav a-g foreligg.

5.5 Avvisning pga. forhold ved tilbodet

Oppdragsgjevar plikter å avvise tilbod dersom forhold som følger av FOA § 11-11 første ledd bokstav a-f føreligg.

Oppdragsgjevar kan avvise tilbod dersom forhold som følger av FOA § 11-11 andre ledd bokstav a-d føreligg.

Oppdragsgjevar kan avvise leverandørar dersom forhold som følger av FOA § 20-12 2.ledd bokstav a-g føreligg.

- Er konkurs, under gjeldsforhandlingar eller avvikling, har innstilt sin verksemd eller er i ein tilsvarande prosess med heimel i nasjonale lovar og forskrifter
- Er begjært konkurs, har begjært åpen gjeldsforhandling eller tvangsoppløysing eller anna lignande prosess med heimel i nasjonale lovar og forskrifter.
- Ved rettskraftig dom er kjent skyldig i straffbare forhold som angår yrkesmessigandel.
- I sitt yrke har gjort seg skyldig i alvorlege forsømingar mot faglege og etiske krav i vedkommande bransje.
- Ikkje har oppfylt sine pliktar vedrørende betaling av trygdeavgifter i samsvar med lovbestemmingar i den stat der han er etablert eller i Norge.
- Har gjeve grovt misvisande eller feilaktige opplysningar, eller unnlete å gjeva opplysningar i henhold av det som vert krevd etter denne paragraf eller krav til leverandøren.

5.6 Avgjersle av konkurransa

Tilbydare blir vekta kun utifrå motteke materiale og innstilt.

5.7 Avlysning av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransa eller forkaste samtlege tilbod dersom det føreligg sakleg grunn. Dette utan kompensasjon til tilbydarane.

5.8 Informasjon og begrunning for kontraktstildeling

Informasjon om tildeling vil bli kunngjort på Merccell Tendsign-plattformen til dei tilbydarane som har gjeve tilbod.

Det vil fylgje ei utgreiing for vektingprinsippa. Dette vil gå til alle deltakarane samstundes.

Det er ein frist på 10 kalenderdagar før kontrakt kan inngås. Med «kontrakt er inngått» meina ein tidspunktet da begge partar underteknar kontrakta.

Det blir gjeve ein frist på 10 kalenderdagar til å stille spørsmål om resultatet av konkurransa (karensperiode). Når karensperioden er utgått har oppdragsgjevar til hensikt å inngå kontrakt.

6 INNLEVERING AV TILBOD

Tilbudet skal leverast på portalen Merzell Tendsign på denne adressa;
<https://permalink.merzell.com/209794760.aspx>

Tilbudet skal i sin heilheit leverast etter den utforminga oppdragsgjevar sin konkurransegjennomføringsverktøy angjev, innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod pr e-post eller liknande vil medføre avvising av tilbudet. Tilbudet skal vera bindande. Leverandøren har alle risikoar for uklarheiter i tilbudet.

6.1 Tilbudet si utforming

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som pdf-filer dersom ikkje annet format er spesifisert.

Tilbudet skal kun leverast på portalen Merzell Tendsign innanfor angitt frist, avvik frå dette medfører kansellering.

Tilbudet skal:

1. LEVERAST PÅ **PORTALEN MERCELL**
2. Vere skriftleg og innehalde et tilbodsbrief som er datert og signert.
3. Tilhøyrande dokument og kommunikasjon blir utforma på norsk.
4. Eventuelle førbehald skal oppgjevast i nummerert rekkefylgje og prisa ein og ein.

Tilbodsbriefet skal for øvrig innehalde:

- Referanse til saksnummer/konkurransegrunnlagsnummer.
- Leverandørens adresse, telefon og foretaksnummer.
- Leverandørens kontaktperson med telefonnummer og e-postadresse.
- Førbehald skal klart koma fram av tilbodsbriefet med tilvising til kvar i tilfellet førbehold(a) kjem fram (med sidetal og punktnummer).
- Tilbodsbriefet skal vere datert og underskreve av person(ar) som har fullmakt til å forplikte leverandøren.

Fylgjande skal vedleggast tilbodsbriefet:

1. Prisskjema (komplett utfyllt).
2. Eigenerklæring på skatt og mva., samt vurdering av tilbyder sin økonomiske og juridiske stilling.
3. Firmaattest.
4. Dokumentasjon knytta til vektingspunkt, oss gjer merksam på at det ikkje blir vekta på noko anna enn motteke materiell.

Fylgjande dokument treng ikkje fylgje med tilbudet, men skal overleverast på nærare oppfordring på eit seinare stadie og seinast før kontraktsforhandlingar.

1. Skatt- og mva.attest
2. Revisorerklæring for år 2024- 2025 samt ei eiga uttale basert på dagens kjente status i bedrifta pr. 01.05.2026.
3. Dokumentasjon på leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling
Leverandøren er ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt i konkurransegrunnlaget blir svara ut/belyst.

Dersom tilbodsdocumenta frå leverandør inneheld bestemmingar som strid mot kvarande skal dokumenta gjelde i denne rekkefylgja:

- Tilbodsbrevet
- Deretter den rekkefylgje som er nemnt frå vedlegg nr.1 og utover.

6.2 Atterhald og avvik

Om leverandøren tek atterhald mot delar av konkurransegrunnlaget, skal dette klart framgå tydeleg av tilbodet. Atterhalda skal spesifiserast med kva konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold.

Det same gjeld for avvik. Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige slik at oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandørane. Atterhald og avvik skal referere til relevante punkt i konkurransegrunnlaget og takast inn i tilbods brevet, jf. omtalen i pkt. 2.4.

Vesentlege atterhald og avvik vil føre til at tilbodet blir avvist.

Leverandøren si tilvising til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vil bli å betrakte som atterhald dersom dei avvik frå føreliggjande konkurranse- eller kontraktsbestemmingar.

6.3 Opplysningsplikt

Oppdragsgjevar vil gjeva skriftleg melding med ei kort grunngjevnad dersom:

- Tilbodet avvisast
- Samtlege tilbod forkastast eller konkurransen avlysast

Leverandøren kan skriftleg anmode om ei nærare grunngjevnad for:

- Kvifor tilbodet er avvist eller forkasta

Oppdragsgjevaren pliktar å svare på denne tilvisninga innan rimeleg tid etter at anmodinga er motteken.

6.4 Alternative tilbod og minstekrav

Alternativt tilbod aksepterast ikkje.

6.5 Avvik frå beskriving

Avvik kan aksepterast forutsett at opprinneleg førespurnad er besvart og at alternativt tilbod er grundig nok omtala og i tråd med aktuelle lovverk/forskrifter.

6.6 Vedståingsfrist

Vedståingsfristen for forprosjekt er 120 dager frå tilbodsfristen ute. Opsjonene skal ha 180 dager vedståelsesfrist.

6.7 Attendekalling eller endring av tilbodet

Innleverte tilbod kan attendekallast eller endrast inntil tilbodsfristens utløp, attendekalling av tilbod skal skje skriftleg. Endringar av tilbodet er å betrakte som eit helt nytt tilbod og må tilfredsstille samtlege formalkrav.

6.8 Kostnader ved utarbeiding av tilbod

Tilbyder ber sjølv alle kostnader relatert til tilbodet og deltakinga i konkurransen. Ved kansellering vert det ikkje gjeve kompensasjon.

VEDLEGG

- 7.1 Kravspesifikasjon
- 7.2 Prisskjema
- 7.3 Registrering av tilbydare
- 7.4 Standard kontraktsvilkår
- 7.5 Kart og planverk
 - 7.5.1 Aktuelt område
 - 7.5.2 Planføresegner Skei
 - 7.5.3 Planomtale Skei
 - 7.5.4 Reg.plan utklipp
 - 7.5.5. Reg.plankart Skei 2011
- 7.6 Bilder
 - 7.6.1 Oversiktsbilde flyfoto
 - 7.6.2 Oversiktsbilde gråtone
 - 7.6.3 Oversiktsbilde kart m/VA
- 7.7 Klima og miljøplan for Skjåk kommune 2023 - 2028
- 7.8 Strategisk plan for helse- og omsorgstenester 2020 til 2030

7.1 Kravspesifikasjon

Anskaffinga er delt inn i to fasar; forprosjekt og opsjon hovudprosjekt.

Forprosjekt:

Leveransa for forprosjekt skal innehalde: - utreie ein lokasjon med to alternativ

1. Utreie lokasjonen der eksisterande boliger er plassert i dag med gjenbruk av heile eller delar av bygget og uteområde.
2. Utreie lokasjonen innanfor same område, men på ei ubebygd tomt.
3. Utarbeide ein situasjonsplan med fokus på framtida. Dette vil si sjå på logistikk og infrastruktur i ein totalitet for tomta

For begge alternativa skal forprosjektet innehalde:

- Skisseteikningar av bygg og uteområde (dvs. tre ulike skisseteikningar). Uteområde skal leverast med ei fargelagt skisse.
- Vurdering og skisse av parkering/adkomstområde mht. trafiksikkerhet og logisk trafikkavvikling.
- Analyse av livssyklus-kostnader for alternativa.
- Brannkonsept
- Kostnadsberegning av alternativa inkludert eigen vurdering på livssyklus-kostnader i byggets levetid med alle kostnader inkludert. Dette skal spesifiseres på drift og enøk.
- Miljøvurdering for alternativa på miljøbelastningar som utslepp av klimagassar og andre forureinande utslepp.
- Livssyklus-kostnader skal detaljerast på energi og driftsbruk for alle alternativa.
- Trafiksikkerhet inkludert avkjøring hovudveg skal inkluderes i forprosjektet.
- Alle vurderingar skal vera i tråd med Skjåk kommune sin klima- og miljøplan og ha fokus på det miljømessige fotavtrykket.

Opsjon 1 - hovudprosjekt:

Leveransa skal innehalde:

- Teikningar av byggplan og fasader
- LCC- vurderingar med konklusjonar
- Simien -berekning (energiberekning)
- Situasjonsplanar for areal kring boliger og totalt for området.
- Tekniske løysingar
- SJA- (Sikker jobbanalyse)vurdering for anbodsnivået

- Teknisk beskrivelse på totalentreprise nivå der grunnleggande spesifikasjoner skal beskrivast. Itb (Integreerte tekniske bygningsinstallasjoner) skal inkluderast i grunnlaget.
- Miljøsaneringsbeskrivelse
- Rammesøknad byggesak
- Plan for universell utforming
- Koordinator for utarbeiding av konkurransegrunnlag og samanstilling av dette.

Utreiing på eksisterande tomt handlar om å utreie moglegheitene ein har med gjenbruk av heile eller delar av eksisterande bygg, alternativt eit heilt nytt bygg. Dette inneber da ei tilstrekkeleg bygningsteknisk vurdering av eksisterande bygg mht. egnethet og teknisk tilstand. Utomhusvurdering gjelder begge to.

Livssyklus kostnader skal stå sentralt i alle vurderingane. Alle utreiingar skal gjerast med miljøfokus.

Opsjon 2 – skisseprosjekt demenstun

I forprosjektet skal det inkluderast minimum to fysiske møte i Bismo der dei mest sentrale i prosjektet deltek. Prisen for oppmøte skal vera inkludert i tilbudsprisen. I forprosjekt er det forventa at alle relevante fag mht tema for møte deltar.

Skisseprosjektet skal leverast ferdig seinast 1. november 2026.

I opsjon1 - hovudprosjekt skal det prisast inn kostnad for inntil to fysiske møte i Bismo. Her skal dei mest sentrale i prosjektet mht. tema for møte delta.

I opsjon 2 – skisseprosjekt demenstun skal det prisast inn kostnad for inntil to fysiske møte i Bismo der dei mest sentrale i prosjektet mht. tema for møte deltek.

Pris for opsjon skal vera gyldig til mars 2027 slik at den kan utløysast etter ferdig forprosjekt. Kostnad med dette skal inkluderast.

7.2 Prisskjema

| Prisskjema | |
|--|---------------|
| | |
| Arkitektteneste i forbindelse med å bygge/rehabiliterer heildøgnsbemanna bustad med individuell oppfølging i Skjåk kommune. | Prisar |
| Pris forprosjekt (fastpris), jf. tekst i beskrivelse | |
| Pris opsjon 1 (fastpris) – utarbeiding av konkurransegrunnlag for totalentreprise jf. tekst i beskrivelse | |
| Pris opsjon 2 (fastpris)- utarbeiding skisserosjekt demenstun, jf. tekst i beskrivelse | |
| Timeprisar (for evaluering ogev. tilleggstenester) | |
| Arkitekt (timepris x 100) | |
| Landskapsarkitekt (timepris x 50) | |
| Rådgjevande ing.bygg (timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.VVS(timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.RIE(timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.RIVA(timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.brann (timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.bygningsfysikk (timepris x50) | |
| Rådgjevande ing.akustikk (timepris x50) | |
| Rådgjevande IBT(timepris x50) | |
| Rådgjevande universell utforming (timepris x50) | |
| Interiørarkitekt (timepris x50) | |
| Sum total eks. MVA | |
| MVA | |
| Sum total inkl. MVA | |

Timeprisar skal multipliserast med oppgjeve timeantal før dei førast ut i celle. Timeprisar skal innehalde alle kostnader.

Timeprisar vil kun bli brukt i vektinga og ved eventuelle tilvalg seinare, men vil ikkje bli teke inn i kontrakta.

Det vert gjort oppmerksom på at oppgjeve timeantal kun er eit utgangspunkt og at det på ingen måte forventast eit slikt behov. Ved romslighet i budsjettet kan det bli kjøpt tilleggstenester utanfor prosjektet.

Oppgjeve totalpris skal innehalde alle kostnader for oppdragsgjevar på dette oppdraget.

Tilbydare som kan tilby relevante tenester/leveransar utover det som vert etterspurd bes oppgje desse i eiga tilbodsbrief.

7.3 Registrering av tilbydare

| | |
|---|--|
| REGISTRERING AV TILBYDARE | |
| <i>Skjåk kommune ynskjer ei registrering av interesserte tilbodare. Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt.</i> | |
| NAVN OG ADRESSE | |
| Firmanavn: | |
| Adresse: | |
| Telefon: | epost: |
| EIGARFORHALD | |
| Selskapstype: | |
| Antall eigare/aksjer: | |
| Dagleg leiar: | |
| TILSETTE - KVALIFIKASJONER | |
| bedriften hartilsette med fylgjande kvalifikasjonar | |
| Fordeling: | Kompetanse/Kvalifikasjoner: |
| Personar Personar | Fagutdanna:personar Ufaglærte:personar Anna: |

7.4 Standard kontraktsvilkår

Betaling:

Kontraktssummen skal ikkje indeksregulerast. Det skal fakturerast i hht omforent betalingsplan.

Om prosjektet av sakleg grunn må avluttast etter oppstart vil kun påløpte timar / kostnader bli honorert, utan dekning av tappt fortjeneste etc. Sluttvederlag utbetalast ikkje før alle forhold med FDV er dokumentert og overlevert digitalt til Skjåk kommune. Slutfaktura kan ikkje sendast ut før dette forholdet er ivareteke.

Krav om løns- og arbeidsforhold i offentlege anskaffingar:

Leverandøren skal syrgje for at ansatte i eigen organisasjon og tilsette sjå eventuelle underleverandørar ikkje har dårlegare løns- og arbeidsforhold enn det som fylgjer av tariffavtalar, regulativer eller det som er normalt for vedkommande stad og yrke. Dette gjeld berre for tilsette som direkte medverker til å oppfylle kontrakta. Det skal ikkje vera fleire enn to ledd totalt i ein leverandørkjede frå og med kontraktør.

Leiaren av verksemda er ansvarleg for at denne regelen blir etterlevd. Alle avtalar leverandørane inngår som innebærer utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande forskrifter.

Leverandøren skal på oppfordring leggje fram dokumentasjon om dei løns- og arbeidsvilkår som blir nytta. Dokumentasjonsplikta omfattar og underentreprenørar (leverandørar).

Om tilbydar ikkje oppfyller dette kravet forbeholder oppdragsgjevar seg retten til å halde attende 20 % av vederlaget og heve kontrakten med øyeblikkeleg verkad. Det kan bli oppretta tilsyn og kontroll med løns- og arbeidsvilkår for eit uttrekk ansatte hjå hovedentreprenør og underentreprenørar:

- Undervegs i entreprisa
- Etter ferdigstillelse (ved behov)

Brot med regelverket som kan betraktast som graverande vil føre til utestenging frå tilbodskonkurransa i Skjåk kommune i ei lengde på 5 år.

Betaling i heile kontraktskjeden skal gå via bank, både til verksemder og tilsette. Produkter i leveransen

Varekontraktar:

Det vert krevd at tilbode varer er produsert/produserast, iht. ILOs kjernekonvensjoner, uansett kvar i verden produksjonen foregår og at leverandøren garanterer for dette (forbod mot barnearbeid, diskriminering og tvangsarbeid samt retten til organisasjonsfrihet).

Bruk av underentreprenør:

Avtale om underentreprenør med einmannsforetak eller anvending av innleid arbeidskraft må vera lovleg og skal forelegges tiltakshaver for godkjenning.

Generelt skal underentreprenør forelegges for byggherre for godkjenning.

Saksbehandlar:

Aktørene kan ikkje for noko fagområde byte sentrale saksbehandlare eller personar i prosjektet utan byggherres samtykke. Saksbehandlare/personar som av ulike grunnar ikkje kan fullføre oppdraget må erstattast med ny saksbehandlar/person med tilsvarande kompetanse som tilbode saksbehandlar/person. Dette gjennomførast kun etter byggherrens samtykke.

FDV:

FDV-leveransa er å ansjå som ein del av kontraktsarbeidene på lik line med resten av leveransen. Entreprenøren er ansvarleg for alle FDV-leveranser frå sine underentreprenørar og leverandørar, samt å koordinere og samanstille FDV-dokumentasjonen frå desse.

Overlevering av FDV-dokumentasjon skal skje i to faser:

- Utkast til FDV-dokumentasjon 1 månad før overlevering. Komplettdokumentasjon 1 veke før overlevering.
- Kontroll og godkjenningsrunder utover dette vert belasta entreprenør kostnadsmessig i henhald til medgått tid og materiell.
- Byggherre vil ikkje utbetale sluttavdraget før alt av FDV er innlevert.

Krav om tilknytning til offentleg godkjent lærlingordning for alle aktører:

Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontrakter (FOR-2016-12-22-1731 av 01.01.2017) angir oppdragsgiverens krav til lærlingeordning. Leverandøren og hans underentreprenørar skal være tilknyttet godkjent lærlingordning i hele kontraktsperioden.

Plikta gjeld ikkje når kravet må anses som uforholdsmessig etter innhaldet i kontrakta, omfanget av arbeidet der det er relevant å benytte arbeidskraft med fag- eller svennebrev eller andre forhold. Oppdragsgjevar krevjar å få sjå nødvendig dokumentasjon for at leverandøren innehar godkjent lærlingordning. Dersom leverandøren ikkje kan dokumentere at han har godkjent lærlingordning innan ein rimeleg frist, har oppdragsgjevar rett til å heve kontrakta.

Avbrot:

Om prosjektet vert avslutta på eit kva som helst tidspunkt på sakleg grunnlag vil påløpt honorar/kostnad bli dekt utan erstatning for tapt fortjeneste etc.

Sikkerhetsstillelse:

Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

Rekkefylgje på dokumenta:

Ved motstrid gjelder dokumenta i følgjande rekkefylgje:

1 – Konkurransesgrunnlaget med referater mm.

2 – Tilbodet

3 - Andre

Avtaledokument:

Blankett jf. NS 8401 Alminnelige kontraktbestemmelser for arkitekt- og rådgiveroppdrag vert nytta som kontraktsformular. Ved opsjon brukas blankett jf. NS 8401 Alminnelige kontraktbestemmelser for prosjekteringsoppdrag.

Skjåk kommune har alle eigarrettigheitar til utabeida grunnlag utan ekstra godtgjering ved avsluttet oppdrag.

